

Nynorskprisen 2019

Vel møtt til Medietimen og til utdeling av Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar. Mitt namn er Solveig Barstad og eg er så heldig å få lov til å dele ut denne prisen.

Føremålet med Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar er å fremje bruk av nynorsk i media og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Prisen vert gjeven til ein journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i norske media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område. Prisen vart første gong delt ut i 2006, og det er såleis 14. gong prisen blir delt ut.

I år var det 23 nominerte til denne viktige prisen, med mange svært gode namn på lista.

Med meg i juryen har eg Inger Johanne Sæterbakk og Øystein Vangsnes. Vi var ikkje i tvil om at årets vinnar fortener akkurat denne prisen.

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar 2019 går til Kjersti Mjør i Bergens Tidende.

I grunngjevinga heiter det:

Kjersti Mjør har ei særeigen journalistisk stemme som har sett sterkt preg på Bergens Tidende gjennom mange år. Sakene hennar er prega av stor varme for menneske, nysgjerrigheit og humor.

Språket til Kjersti Mjør er klart og presist. Ho kan få fram dramatik og kjensler utan store ord og utbroderingar. Setningane er ofte korthogde med litterære kvalitetar. Når du les ei langsak av Mjør, kan det kjennest som å lese ein liten roman.

Eit særleg kjennemerke ved Mjørs journalistikk er at ho går djupt inn i historiene sine og stiller viktige spørsmål. Der andre journalistar stoppar når aktualiteten har gitt seg, har ho fleire gonger gått vidare og utforska historia bak historia. Ho har ei særleg evne til å skildre folka og deira liv og lagnader.

Prisvinnaren er ein av landets beste portrettørar. Det viste seg ikkje minst gjennom podcast-serien «Dei 15 mest vestlandske vestlendingane» som BT hadde i fjor. Fleire har vore involverte i prosjektet, men det har eit sterkt avtrykk av Kjersti Mjørs journalistikk. Humor, varme og djupne pregar intervju.

Ingen skildrar vestnorsk liv som Kjersti Mjør. Ho får tagale hardingar i tale. Ho får tytete bergensarar til å tenkje. Og etterpå skaper ho ordkunst av det ho finn og gjer historiene nære og relevante for alle.

Gratulerer – kom fram og ta i mot pris på 50 000 kroner og eit kunstverk av Oddvar Torsheim